



Sakshandsamar: Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Telefon: 57643146
E-post: fmsfash@fylkesmannen.no

Vår dato
21.3.14

Vår referanse
2014/1354
Rapportnummer
2014.016.I.FMSF

Vartdal Gjenvinning AS
6900 Florø

Tilsyn ved Vartdal Gjenvinning AS – Krav om retting av avvik – Varsel om gebyr

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Niklas Veiesund	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Anne Sigrid Loftesnes Harjo Frå Flora kommune: Reidun Toft og Gunnar Furelid
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input checked="" type="checkbox"/> Sikkerheitsdatablad <input checked="" type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **1 avvik** og gjeve **1 merknad**. Avvik er nærare omtalt frå side 4 i dette skrivet. Melding om retting av avvik må vere sendt til Fylkesmannen innan **22.04.2014**.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker atter at rapporten er motteke. Varsla kontrollgebyr vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Dagny K. U. Alvik
senioringeniør

Anne Sigrid L. Harjo
overingeniør

Rapporten er elektronisk godkjent og utan signatur

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Vartdal Gjenvinning AS	Organisasjonsnr.: 955494083
Stad og kommune: Botnastranda, Flora kommune	Kontrolldato: 4.3.14
Postadresse: 6900	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Bakgrunn for tilsynet

Tilsynsaksjonen er ledd i Flora kommune, Fylkesmannen og Florø Brannvesen sin kampanje om avfallshandtering på Botnastranda. Føremålet med tilsynsaksjonen er å kontrollere at næringsavfall blir handtert etter ureiningsregelverket.

Fylkesmannen si miljøvernavdeling forvaltar regelverk knytt til det ytre miljø, og er ein del av Miljødirektoratet. Krava er knytte til bruk av helse- og miljøfarlige stoff og produkt, avfall, støy og forureining av hav, vann, jord og luft. Regelverket skal hindre at forureining, avfall og produkt med helse- og miljøfarlige kjemikaliar fører til helseskade, går utover trivselen eller skadar naturen si evne til produksjon og sjølvfornyng.

Det lokale brannvesenet forvaltar regelverk og krav knytt til brann og eksplosjonsvern, og er ein del av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Krava skal sikre liv og verne verdiar mot fare knytt til brann og eksplosjon. Krava skal sikre forsvarlig handtering av brannfarlege, trykksette og eksplosjonsfarlege stoff, og at ulykkes- og skadeførebyggande tiltak vert sett i verk i samband med handtering av farleg stoff og ved transport av farleg gods på land. Ein kvar pliktar å oppfylle krav til alminneleg aktsemd slik at brann, eksplosjon og anna ulykke vert førebygd og skade vert avgrensa.

Flora kommune har myndigheit og plikter etter ureiningslova. Kommunen har bl.a. ansvar for innsamling av avfall, oppfølging av forsøplingssaker og regulering av open brenning. Flora kommune har **ikkje** vedteke forskrift om open brenning og brenning av avfall i småovner.

Om kontrollen

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Vartdal Gjenvinning den 04.03.2014.

Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske), ved intervju av sentralt plassert person i organisasjonen, og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan etatane sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø og brann vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på egne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Aktuelt regelverk

- LOV 1981-03-13 nr 06: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (**ureiningslova**).
- FOR-1996-12-06-1127: Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (**internkontrollforskrifta**)
- FOR-2004-06-01-930: Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (**avfallsforskrifta**)
- Løyve etter ureiningslova datert 26.6.2009

Oppfølging etter kontrollen

Verksemnda pliktar å rette opp avviket som er omtalt i rapporten så snart som råd. For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemnda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **22.04.2014** evt. dato/ar for planar for gjennomføring. Fylkesmannen ventar at verksemnda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

Varsel om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Informasjonsark om gebyrsystemet vart delt ut på kontrollen.

Fylkesmannen varslar med dette at Vartdal Gjenvinning AS skal betale eit gebyr på kr. 4.600,- for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket om gebyr kan påklagast til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Dersom vi ikkje får kommentar til varselet innan 3 veker, reknar vi vedtaket som endeleg og faktura med innbetalingsblankett vert då sendt frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. De kan klage på vedtaket om gebyr. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adresserast til klageorganet Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik

Dette avviket vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Fleire krav i løyvet om farleg avfall er ikkje oppfylt

Avvik frå: *Løyvet punkt 1, 2.4, 3.3 og 6, internkontrollforskrifta og avfallsforskrifta*

Verksemnda tek i mot farleg avfall som ikkje er omfatta av løyvet

Verksemnda opplyste om at dei tek i mot bilbatteri frå næring. Verksemnda har løyve frå Fylkesmannen til å ta i mot kasserte kjøretøy, metallskrap og EE-avfall. Om verksemnda ynskjer å ta i mot farleg avfall, som bilbatteri, må de søke fylkesmannen om dette.

Verksemnda leverer ikkje sprayboksar som farleg avfall

Verksemnda leverer ikkje sprayboksar som farleg avfall. Farleg avfall skal leverast til godkjent mottak minst ein gong per år dersom mengda av det enkelte stoff/avfallstype overstig 1 kg.

Verksemnda har mangelfull rutine for handtering av farleg avfall

Verksemnda kan vise til rutine for handtering av farleg avfall frå 2006. Rutinen er mangelfull ved at den ikkje viser kva for type farleg avfall verksemnda genererer, som t.d. sprayboksar, og vidare sikrar årleg levering. Ei slik rutine bør minst omfatte noko kort om viktigaste regelverk/sentrale forskriftskrav, ansvarsforhold, kva type avfall som oppstår av drift, korleis dei ulike fraksjonane skal handterast/lagrast, årleg levering og kven det blir levert vidare til.

Verksemnda manglar skriftleg dokumentasjon på at det er gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikal

Alle som nyttar produkt og kjemikalier har aktsomheitsplikt (jf. produktkontrolllova § 3), og skal vite kva eigenskapar kjemikاليةane har og kva ein må passe på ved bruk av kjemikalier. Verksemnda hadde ikkje kjennskap til substitusjonsplikta og kunne ikkje vise til ei skriftleg vurdering med tanke på utskifting av helse- og miljøskadelege produkta med mindre farlege produkt. Verksemnda bør få på plass ein skriftleg dokumentasjon som viser at verksemnda har gjort ei systematisk vurdering av substitusjon av kjemikal i henhold til produktkontrolllova § 3a. Det er verksemnda sjølv som har eigeninteresse av at kjemikاليةane som vert brukt ikkje har helse- eller miljøskadeleg verknad, derfor er plikta for slik vurdering lagt til verksemnda i følgje produktkontrolllova § 3a.

Merknader

Følgjande tilhøve gav grunn til merknad under kontrollen:

Merknad 1

Verksemnda utfører analyse av olje og tungmetall på avløpsvatn frå oljeutskiljar. I løyvet har Fylkesmannen satt krav om at utslepp av olje i avløpsvatnet ikkje skal overskride 50 mg/l. For utslepp av tungmetall er det ikkje gitt tilsvarande utsleppsgrenser. Verksemnda skal drive i samsvar med ureiningslova og tilhøyrande forskrifter. Vi rår verksemnda til å bruke konsentrasjonsgrensene som er gitt til prosessavløpsvatn frå overflatebehandlande verksemder i kapittel 28 i ureiningsforskrifta, for å kontrollere at utslepp av tungmetall til vatn ikkje er av miljømessig betyding.

Andre forhold

Plan- og bygningslova

På tilsynet vart plassering av anlegg og bygg kontrollert i høve byggeløyve. Det vart ikkje registret avvik i høve plassering. Av kommunen sitt arkiv kan det imidlertid sjå ut som anlegget og bygg manglar bruksløyve. Det vart gjeve mellombels bruksløyve for gjenvinningsanlegget 16.01.2008, av dette går det fram at manglane skulle vore retta innan 30.02.2008. Kommunen kan ikkje sjå at vi har motteke søknad om ferdigattest for anlegget. Vidare kan kommunen ikkje sjå at det er gjeve bruksløyve for lager/garasjebygget som kommunen gav løyve til i vedtak i saknr 052/08, datert 25.02.2008. Kommunen vil følgje dette opp i eige brev.

Avløp

Flora Kommune vil følgje opp storleik og utsleppsløyve på det felles avløpsanlegget med anleggseigar.

Kopi pr. e-post: Flora kommune og Flora Brannvesen